

Referanse til artikkelen: Torunn A. Ask, Jorunn Gjedrem, Brita Gjerstad, Kjetil Grimastad Lundberg & Siv Oltedal (2021). Sosialfagleg arbeid med familieoppfølging i Nav – ein vignettstudie. *Fontene forskning*, 14(1), 58-69.

NØKKELOD: SOSIALFAGLEGE VURDERINGAR, NAV, BARNEVERN, ANSVAR, SAMARBEID, FAMILIEPERSPEKTIV



Torunn A. Ask
Universitetet i Agder
torunn.a.ask@uia.no



Jorunn Gjedrem
Universitetet i Agder
jorunn.gjedrem@uia.no



Brita Gjerstad
Universitetet i
Stavanger
brita.gjerstad@uis.no




Kjetil Grimastad Lundberg
Høgskulen på Vestlandet
kjetil.grimastad.lundberg@hvl.no



Siv Oltedal
Universitetet i Stavanger
siv.oltedal@uis.no

Sosialfagleg arbeid med familieoppfølging i Nav – ein vignettstudie

Samhandling med og om familiar i utsette situasjonar er ei viktig oppgåve i sosialt arbeid. Fleire velferdstenester har roller og ansvar, deriblant Nav. Gjennom fokusgruppeintervju har vi fått innsikt i korleis sosialarbeidarar i Nav vurderer handtering av ein konstruert familiesituasjon der det er ulike utfordringar. Når sosialarbeidarane drøftar kva som kan gjerast for å hjelpe, vurderer dei handlingsalternativ i ein bestemt institusjonell kontekst. Dei nyttar eit vidare perspektiv enn primært arbeid, bustad og økonomi som imperativ, dei vurderer ansvar og grenser, og dei trekkjer fram samarbeid med omkringliggande tenester. Barnevernet framstår som ei sentral teneste å kontakte, men vi oppfattar at det manglar erfaring, rutinar, rammer og dialog omkring korleis ein skal samarbeide. Studien bidrar med kunnskap om vilkår for å arbeide med familieoppfølging i Nav.



Oppfølging av familiar i utsette posisjonar er ei sentral oppgåve i sosialt arbeid. Det norske velferdssystemet er prega av spesialisering og arbeidsdeling, medan dei problema familiar opplever gjerne er komplekse og av ein slik art at dei overskrid organisatoriske grenser (Hansen et al., 2020). For familiarne inneber det at dei kjem i kontakt med mange hjelpeinstansar, og Nav er ofte ein av desse. Ei av kjerneoppgåvene til Nav-kontoret er å bidra til å løyse eller forebygge sosiale problem gjennom opplysning og enklare rettleiing, fagleg kvalifiserte råd og familieoppfølging (Furuberg et al., 2018). I denne samanheng er det relevant at Sosialtenestelova (2009) har som målsetting å bidra til at barn og unge og deira familiar får samordna og heilskapleg tenesteyting (§1). Lova skal sikre at barn sine behov og interesser blir tekne omsyn til i saksang og stønadsvedtak, samt forplikte tenesteytarar til å vera merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta (§§ 18, 35, 37, 44, 45). Tilsette i Nav blir med det pålagde eit utvida perspektiv som inkluderer familierelasjonar.

Lov om sosialomsorg frå 1964 og etablering av sosialkontor i alle kommunar i Norge, bygde opp under familiebehandlingsprinsippet, noko vi kan sjå som uttrykk for eit familieperspektiv. Idealet var at ein person skulle saksbehandle alt som gjaldt same familie. Dette skulle sikre koordinert innsats. Familiebehandlingsprinsippet vart kritisert fordi dei vaksne kom i forgrunnen, noko som kunne svekke merksemd mot barnemishandling og omsorgssvikt, og tilsløre styrkeforhold og interessemotsetnader i familiar. Det vart slik sett eit avgrensa familieperspektiv. Ny lov om barneverntenester i 1992 medverka til å avvikle det sosialkontorbaserte barnevernet, og til å utvikle barnevernet som ei eiga sjølvstendig teneste som vektla barnet som subjekt, med eigne rettar (Messel, 2013).

Samanlikna med mange andre land har Norge ein aktiv stat som grip inn og set standardar for korleis barn skal ha det i familien. Vi har ein «offentleg familie», meir enn at familien er ei privatsak (Olstedal & Nygren, 2019). Familie medfører også kjønna relasjonar som spelar inn i tenesteyting (Nygren, K. et al. 2018). Vi kan likevel identifisere ulike syn i norsk familiepolitikk «mellom en tradisjonsbeskyttende linje der familien forstås som en enhet, og en linje der mor og far er individer først og familiemedlemmer etterpå» (Ellingsæter et al., 2020, s. 45). Sjølv om det ikkje er semje, verken fagleg eller politisk, om kva som representerer det optimale perspektivet for å ivareta familiar som treng støtte og hjelp, spelar velferdspolitiske føringar inn på tenesteutøvinga.

Sosialfagleg arbeid med familieoppfølging i Nav må relatere seg til arbeidslinja. Arbeidslinja er sentral for dagens velferdspolitiske verkemiddel som gradvis vart «... lagt om for å påvirke folks adferd til å søke arbeid framfor å motta sosiale stønader» (Hatland & Stjernø 2020, s. 185). I tråd med dette hadde Nav-reforma arbeidsretting som ei grunnleggjande målsetting (Prop. nr 46 (2004-2005); Meld. St. 33 (2015-2016)).

I artikkelen diskuterer vi, basert på data frå ein vignettstudie om handtering av familiekompleksitet, korleis sosialarbeidarar frå tre ulike Nav-kontor snakkar om oppfølgingsarbeid med familiar i utsette posisjonar. Forskingsspørsmålet vi stiller er: Korleis vurderer sosialarbeidarane problem, tiltak, ansvarsdeling og samarbeid med andre tenester?

ANNA FORSKNING

Sjølv om lover og rundskriv legg til grunn at ein må sjå familien som heilskap, viser forskning at familieperspektivet manglar i stor grad, og at Nav har vore lite merksame på barn sin situasjon (Fossestøl et al., 2016; Hansen et al., 2020; Malmberg-Heimonen et al., 2019; Mølland et al., 2020). I mange tilfelle vil

såkalla utsette familiar som har kontakt med Nav, ha barn som av ulike grunnar treng, og har rett til, hjelp frå barnevernet. Nokre familiar kan ha tiltak frå både Nav og barnevernet utan at dei to instansane samarbeider, sjølv der familiare ønskjer samarbeid på tvers. I Breimo et al. (2019) sin analyse av formaliserte samarbeidsnettverk knytt til barneverntene- sta, kjem det fram at Nav sjeldan er med i slike nett- verk, sjølv om fagdirektorata til Nav og barnevernet har utarbeida retningslinjer som oppfordrar kommu- nane til å etablere samarbeidsfora (Nav, 2016). Også andre studiar som ser på samhandling mellom Nav og barnevernet, gir bitar til eit større bilete som viser at samarbeidet er mangelfullt. Institusjonelle for- hold knytt til ulike logikkar i tenestene; velferdstats- logikk kontra omsorgslogikk, og arbeidslinja og for- sørgarrolle kontra vektlegging av tilknytning og barns emosjonelle behov, blir framheva som utfordringar i problemforståing, og med konsekvens for tiltak og interorganisatorisk samhandling (Ask & Sagatun, 2020; Oterholm, 2018).

I ein studie av ulike vilkår for sosialt arbeid i Nav, kjem det fram ulike oppfatningar om kor vidt styr- king av arbeidslinja har redusert den merksemda dei svakaste fekk før Nav vart oppretta (Fossestøl et al., 2016). «Dei svakaste» er forstått som personar som har samansette vanskar, ofte relatert til rus og psy- kisk helse, som kan trenge tett oppfølging over tid, og der målet om ordinært arbeid kan synest langt unna. Lippestad og Braathen (2016) finn i si evalu- ring av ordningar til foreldre med alvorleg sjuke barn, at Nav ser individet, men ikkje mangfaldet i foreldra sin situasjon, og at eit familieperspektiv manglar. Dei gir døme på at barnet har ein kontaktperson i Nav, medan mor, som prøver å kome tilbake i jobb, har ein annan saksbehandlar. Andre studiar problematiserer også korleis sosialfagleg kompetanse er under press i Nav, kva forhandlingar som går føre seg, og disku- terer kor vidt heilskapleg oppfølging er mogleg inn- anfor Nav sine institusjonelle rammer (Larsen et al., 2017; Røysum, 2014; Skjefstad, 2013; Øvreliid, 2018).

Det har blitt auka merksemd om å utvikle pro- gram som eignar seg for familieintervensjonar, der

samansette problem fordrar heilskapleg og koordi- nert innsats (Hansen et al., 2020; Malmberg-Heimo- nen et al., 2019; Mølland et al., 2020). Med bakgrunn i prosjektet «Helhetlig oppfølging av lavinntekts- familier» (HOLF) i Nav, viser Rugkåsa og Bergheim (2020) at familiekoordinatorane hadde ulikt syn på om dei skulle snakke med barn om deira situasjon og behov, eller om dei skulle innhente informasjon gjen- nom foreldra. Forfattarane sin konklusjon er at der dei tilsette samhandlar med barna, og ikkje berre dei vaksne, fekk dei meir heilskapleg og nyansert innsikt i komplekse problem, og hjelpa kunne i større grad tilpassast behova til familien (Rugkåsa & Bergheim, 2020, s.158). Dette er interessant i lys av Furuberg et al. (2018) som poengterer at den rådande tilnærmin- ga i Nav er at barneperspektivet må styrkast i tene- sta, men då gjennom å kartlegge betre korleis bar- na har det, og kva dei treng, gjennom kontakt med vaksne som kjenner barna, primært foreldra.

TEORETISK PERSPEKTIV

Sosialarbeidarar arbeider ofte innanfor institusjonel- le kontekstar med innlærte og rutiniserte måtar å lese saker og situasjonar på (Drew & Heritage, 1992; Lipsky, 1980; Mäkitalo, 2014). Dei skal med eit pro- fesjonelt blikk vurdere om situasjonen er innanfor mandatet til eigen eller tilgrensande etat. Samtidig er det mange avvegingar der svaret ikkje er gitt. Eit heilskapleg perspektiv på menneske og problem, slik sosialarbeidarar både ifølgje teoretisk grunnlag og verdiforankring for sosialt arbeid bør ha, inneber å sjå personen i dei situasjonar og relasjonar vedkoman- de står i (FO, 2019; Levin, 2004). Då skal sosialarbei- daren vere open for meir enn det presenterte proble- met, ved å kartleggje ulike faktorar som verkar inn på den aktuelle situasjonen, og leite etter løysingar saman med den eller dei det gjeld.

I tråd med dette har familieperspektiv djupe røter i sosialt arbeid (Gasker & Vafeas, 2010). Vi kan spore det tilbake til pioneren Mary Richmond som la vekt på kontakt med brukaren sin familie for å få fram fleire delar av konteksten (Levin, 2004). Eit slikt per- spektiv kan arte seg ulikt i praksis, men vil i hovudsak

rette seg mot både vaksne, barn og innbyrdes relasjonar i familielivet. Hughes (2010), som kategoriserer ulike nivå for familiebasert innsats og oppfølging, hevdar at eit *heilskapleg* familieperspektiv må inkludere alle familiemedlemmar.

I ein omfattande studie av barn og foreldre sin medverknad i barnevernet, blir det poengtert at barnets eige perspektiv må inngå som ein komponent for at det skal vere eit heilskapleg barneperspektiv (Havnen et al., 2020). Samtidig viser studien at foreldre uttrykker at barnevernet einsidig lyttar til barnet og ikkje tar omsyn til deira opplevingar og oppfatningar. Ellingsen et al. (2019) fann i sin vignettstudie at sosialarbeidarar i barnevernet vektla barna sin situasjon og deira individuelle rettar, og i mindre grad var opptatt av foreldra eller familien som heilskap. Dette viser dilemma i barnevernet si samhandling med familiar.

Barneperspektiv og familieperspektiv blir forstått og operasjonalisert på ulike måtar gjennom ulike administrative grenser og ulike institusjonelle logikkar. Dette er med på å gjere det vanskeleg å identifisere skiljelinjene mellom perspektiva. Sosialfaglege vurderingar av komplekse familiesituasjonar krev kategorisering og sortering (Drew & Heritage, 1992; Lipsky, 1980; Mäkitalo, 2014). Vi har brukt ein vignett som inviterer til å diskutere ein slik situasjon. Vignetten inviterer såleis til å undersøke kollektiv 'sense-making' og profesjonsdiskursive dynamikkar (Mitropolitski, 2015). Profesjonelle samtalar synleggjer meiningsskapning innanfor denne profesjonelle konteksten, blant anna dilemma i å vurdere, avgjere og forhandle om å forstå regelverk, rettar, plikter og ansvar. Det dreiar seg også om å forstå kva for delar av familiekonteksten som er relevant for sosialfagleg intervensjon. Meiningsskapning rundt det å forstå ein situasjon gir grunnlag for handling og skuggar samtidig for alternative måtar å handle på. I dialogen om familiesituasjonar og kva handlingar eller intervensjonar desse må møtast med, blir relasjonen mellom komplekse familiar og svært komplekse organisasjonar skapt (Walsh et al., 2019). Å praktisere profesjonell refleksivitet krev at det vert utvikla teknikkar for

å gjere det kjende «framandt» og få ein distanse, slik at vi kan oppdage og analysere dette i tekst og tale (White, 2013).

METODE OG DATA

Artikkelen er basert på ein vignettstudie. Studien er gjennomført i samarbeid mellom forskarar frå Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger og Høgskulen på Vestlandet. Ein vignett presenterer ein fiktiv situasjon og konkretiserer problemstillingar samtidig som han skapar avstand til reelle saker (Hughes & Huby, 2002). Ein føresetnad for vignettstudiar er at situasjonen er truverdig for refleksjon over praksis. I vår studie har vi brukt ein vignett frå prosjektet «Family complexity and social work in different welfare regimes» (2015-2018). Forskarar og sosialarbeidarar frå åtte land, blant anna Norge, utvikla ein vignett som synleggjer ein familie med samansette problem. Vignetten var utforma for å få fram kvar dagstenking i sosialt arbeid i ulike instansar på tvers av velferdsregimer. Vi støttar oss på den analytiske tilnærminga til Walsh (et al., 2019), som har brukt denne vignetten som utgangspunkt for å demonstrere korleis organisatoriske system manifesterer seg i daglegdags tenking og argumentasjon. Samtidig må ein vere medviten om at slike konstruerte framstillingar legg føringar som kan medverke til at ein finn det ein leitar etter (Nygren, L. et al., 2018), og kan dermed seie mindre om praksis innanfor spesifikke organisatoriske rammer. Vignetten gir grunnlag for å stille spørsmål knytt til foreldrekonfliktar, familienettverk, omsorg for barn, vald, arbeid og arbeidsløyse, migrasjon, rus og psykisk helse. Vi vurderte den som eigna også for vår studie, noko informantane stadfesta ved å gjenkjenne denne type familiekompleksitet frå sitt arbeid i Nav.

Komprimert versjon av vignetten

Informasjon: Maria (40) og David (40) er sambuarar med felles barn, Beth (5) og Jon (8), samt Tomas (20) som er Maria sin son. Tomas har ikkje kontakt med far sin. Maria er arbeidsledig. Ho har ei historie med mellom anna rusmisbruk. David er innvandrar utan

annan familie i Noreg, og strevar med å finne seg til rette. Han arbeider mykje, har ein uføreseieleg arbeidssituasjon, og det er usikkert om alt er lovleg arbeid. Maria og David kranglar ofte. Innimellom har Maria flytta ut med barna og budd hos bror sin og svigerinna. Maria har lite kontakt med foreldra sine, dei likar ikkje forholdet mellom henne og David.

I første fase tar Maria telefonkontakt. Ho græt og seier: «Eg veit ikkje om du kan hjelpe meg eller ikkje». Ho har prøvd å få ein legetime, men må vente til neste veke, og har blitt råda til å kontakte Nav. Maria fortel om eit turbulent samliv med David med mykje krangling. Det har hendt at barna har vore vitne til at David har utøvd vald mot Maria. Ho seier samtidig at Jon og Beth har det bra, men ho er svært bekymra for sonen Tomas som akkurat har mista jobben og er deprimert. Ei stund tilbake tok han ein overdose og vart då kortvarig lagt inn. Maria uttrykker skuld-kjensle for situasjonen og seier at alt er kaos.

I andre fase er det ein tilsett i 'tenester for psykisk helse' som tar kontakt med sosialarbeidaren i Nav. Vedkomande har kontakt med Maria og er uroa over hennar omsorg for barna. Uroa gjeld både om ho klarer å halde David unna, då ho/han meiner at han har negativ innverknad i familien, og om Maria rusar seg.

Tredje fase finn stad om lag eit år etter andre fase. Her vil sosialarbeidaren drøfte situasjonen i familien med ein kollega i Nav. Maria har gjennomført rusbehandling. Ho har flytta frå David og bur saman med Tomas. Beth og Jon har ein lang periode budd hos Maria sin bror og svigerinne med familie. Maria håper å få dei heim så snart ho finn ein eigna bustad. Barna har stort sett hatt positiv utvikling. Det siste som har skjedd, er at Maria oppsøkte barna på skulen førre veke. Ho lukta alkohol og Jon vart svært ute av seg.

Fokusgruppeintervju

Vignetten vart brukt i fokusgruppeintervju ved tre større Nav-kontor hausten 2018. Vi bad leiarar om å få intervju «Nav-tilsette sosialarbeidarar». Alle gruppedeltakarane (11 personar) var kvinner og hadde mellom 3 og 18 års erfaring frå sosialt arbeid, hovudsakleg frå Nav, men også frå sosialkontor og

barnevern. Nav-erfaringa varierte frå mottak og økonomisk sosialhjelp via oppfølging og rettleiing av ungdom, einslege forsørgjarar og andre grupper, til å ha roller som barneansvarleg og familiekoordinator. På intervjutidspunktet arbeidde alle i førstelinja med direkte brukarkontakt. Ved det eine kontoret var fokusgruppa samansett av to vernepleiarar, ein sosi-onom og ein barnevernspedagog. Ved det andre kontoret var alle tre deltakarane sosionomar. Det tredje intervjuet var med fire tilsette, der tre var utdanna sosionomar og ein hadde tilsvarende relevant høgre utdanning. Vi var to forskarar saman i to av fokusgruppeintervjua, og ein forskar gjennomførde eitt åleine. Studien er meld til NSD og er gjennomført i tråd med forskingsetiske retningslinjer (NESH 2016).

Fokusgrupper kan fange inn normative diskursar på eit felt samtidig som dei kan få fram haldningar, oppfatningar og erkjenningar som kan ha vore usynlege, uklare eller ureflekterte (Smithson, 2000). Vi oppfatta at deltakarane nytta egne praksiserfaringar når dei diskuterte korleis dei kunne respondere, kva ansvar dei hadde, og dei institusjonelle ramme- og grensene for dette ansvaret. Dei snakka fritt og reflekterte kritisk rundt rådande praksis i eigen organisasjon og hos andre. Intervjua gir såleis innsikt i refleksjonar som gir uttrykk for sosialfaglege vurderingsprosessar, knytt til familiekompleksitet.

Intervjua vart innleia med ein presentasjon av familien i vignetten. Vignetten var delt i tre fasar. Etter gjennomlesing av kvar fase reflekterte deltakarane ut frå spørsmål som: Korleis forstår de situasjonen? Kva vil de gjere og kven vil de eventuelt samarbeide med?

Intervjua vart tatt opp og deretter transkribert. Transkribert tekst vart lest og tentativt analysert og kommentert av den/dei som hadde gjennomført det enkelte intervjuet. All tekst vart så lest av alle, med særleg merksemd mot intervjutekst frå éi anna fokusgruppe enn den ein sjølv hadde vore til stades i.

Analyse

Vi gjennomførte ein tematisk analyse inspirert av Braun og Clarke (2013) sin fleksible modell. Etter å ha

gjort oss kjent med datamaterialet kvar for oss og saman, arbeidde vi fram ein fortetta versjon av dei tre intervju. Her såg vi at tema knytt til både profesjon, det vil her seie sosialt arbeid, og til institusjon, særleg forholdet mellom Nav og barnevern, var tydeleg.

I tråd med Braun og Clarke (2013) gjennomførte vi slik den første kodinga, som så førte oss over til prosessen med å identifisere tema utifrå ei veksling mellom å studere heilskapen i materialet og tekstutsnitt vi hadde løfta fram. Vi gjekk djupare inn i materialet og var opne for variasjonar i tema og meiningar, som vi drøfta kvar for seg og opp mot kvarandre, på tvers av intervju.

Vi definerte etter kvart to hovudtema for sosialfagleg vurdering. Det eine gjeld korleis sosialarbeidarane vurderer at dei kan hjelpe familien dei møter i vignetten. Det andre temaet fokuserer på samarbeid om oppfølging av familiar med samansette behov, med vignetten som utgangspunkt. Tema skal fange det sentrale i koplinga mellom data og forskingsspørsmålet, og skal vise eit mønster eller meining i datasettet. Våre tema vart utmeisla gjennom interaksjon med teori omkring familie, barn og samarbeid. I presentasjonen av tema siterer vi informantar. Informantane bak sitata er gitt pseudonym.

FUNN

Første tema handlar om informantane sine vurderingar om korleis dei kan hjelpe i ein situasjon som den vignetten presenterer. Temaet omfattar kartlegging av behov til kvar av familiemedlemmane, kva for ansvar Nav tar for familiemedlemmane til den som ber om hjelp, prioriteringar mellom behova, og med kva for tiltak behova kan møtast. Det andre tema handlar om samarbeid rundt familiar med samansette problem. Temaet omfattar vurderingar av kva for instansar som kan hjelpe, kva for ansvar dei har, mangel på forståing av kva Nav kan bidra med, og kva for rolle Nav skal ta overfor barn.

Korleis vil sosialarbeidarane hjelpe?

Etter å ha fått presentert vignetten, går sosialarbei-

darane straks i gang med å drøfte kva dei kan gjere. Etter første fase merkar dei seg at situasjonen er uklar, og det at det kan vere akutt ser ut til å gi dei eit særleg ansvar: «Vi kan ikkje la dette ligge sånn som det. Utan å gå vidare med det og ta fatt i dei tinga som kan vere ganske akutt nå» (Åse). Dette er uavhengig av om Maria allereie har kontakt med hjelpeapparatet på noko vis. I første omgang vil informantane avklare situasjonen, dels for å sortere ansvar, dels for å finne ut kva for hjelp som er relevant.

Etter både andre og tredje fase blir situasjonen oppfatta å vere prega av manglande heilskapleg tenking. Det er tydeleg at informantane kjenner ansvar for familien. Det gjeld også om andre tenester har vore involvert, noko dei reknar med på grunn av barna.

«Så vi må jo gjere [noko] -nokon må ta initiativ for hans [Tomas] del, da, til å få alle på bana» (Julie). Initiativet omfattar også å sortere ansvar: «Nei, men vi må jo på ein måte sørge for at dei som kan iverksette det gjer det. At dei må ta det ansvaret. For at det skal bli gjort» (Julie).

Informantane uttrykker ingen tvil om at Maria har behov for støtte. Medan dei merkar seg rusproblema, kommenterer dei knapt at Maria er arbeidslaus. Dei er opptatt av hennar forhold til dei andre i familien, særleg til barna. Ein første reaksjon frå ein informant er:

«Eg tenkjer at det er ein ganske alvorleg situasjon dette. Tenkjer jo på den mora då. Om ho er i stand til å ivareta ungene med den sambuaren» (Siri).

Liv, ein annan informant, seier at hennar største uro vil vere om Maria meistarar familieoppgåvene og morsrolla:

«(...) kan ikkje gå ut i arbeidsretta tiltak viss ein ikkje fungerer som mamma. Det er i alle fall min påstand. Viss du ikkje strekkjer til heime, er det ikkje riktig å leggje på meir».

Informantane merkar seg at barna lever i ein uroleg og uavklart situasjon, mykje knytt til busituasjonen, samt at barna har vore vitne til vald og kanskje blir utsett for det sjølv.

Nokre kommenterer at Nav har utvida sitt ansvarsområde, og refererer til både ungdomsteam og familieteam. Ein informant der dei har familieteam, hevdar at dei har blitt meir merksame på barn i Nav:

«Og så berre spørje: Barna da? Og så bringe det inn. Det føler eg at vi er mykje meir bevisst på i seinare tid. Du kan faktisk spørje om det og du skal spørje om det. Det synest eg er positivt» (Paula).

Informanten legg til at det kan vere vanskeleg. I eitt av intervjuet snakkar informantane om å møte barna, medan andre viser til retningslinjer som seier at barn ikkje skal involverast i «vaksne ting». Det blir påpeika at Nav jobbar meir samla med familiar no enn før:

«Eg tenkjer jo at det ville vore naturleg og det er jo litt av den endringa som eg ser i Nav i forhold til før, at vi prøver no å sjå på familien som eitt. Tidlegare så var det nok mykje meir delt. Så eg trur òg viss det hadde vore på vårt kontor, så hadde det vore éin person eller gruppe som hadde jobba med heile familien. Det hadde ikkje vore sånn at mor fekk éin og Tomas fekk éin. Men at vi hadde løyst det sånn at vi hadde sett heile familiesituasjonen under eitt» (Siri).

I drøftinga om barna kjem stadig barnevernet opp, men det er ikkje eintydig korleis dei ville ha involvert denne tenesta. Heller ikkje er dei samde om korleis dei ville ha tatt dette opp med Maria. Mykje av drøftinga om barna handlar om korleis dei kan gå fram overfor mor utan å øydelegge tilliten ho har vist med å be om hjelp.

I alle intervjuet er sosialarbeidarane klåre på at Tomas sin situasjon er urovekkande. Han er ein del av familien, men som barn over 18 år er det ikkje heilt opplagt korleis dei kan nå han. Nokre plasserer han straks hos ungdomsteamet/saksbehandlarar som arbeider med ungdom, medan andre vil at Maria skal få han til å kontakte Nav på eiga hand. Dei foreslår blant anna at han bør få hjelp til økonomien og kommenterer at det kan vere bra for han å bu åleine. På denne måten blir han skild ut som ein person med

individuell oppfølging. Informantar har delte erfaringar med å involvere familien til personar som Tomas. I nokre tilfelle representerer foreldre ressursar, men dei kan også vere svært negative og slik sett stå for det motsette.

David får merksemd som ein enkeltperson, som strevar med å etablere seg sosialt og yrkesmessig, og som familiemann som har vore valdeleg mot Maria og kanskje også mot barna. Informantane har delte oppfatningar av korleis dei ville møtt ein som han. Nokre informantar meiner hans psykiske helse bør kartleggast, men dei er ikkje samde om kva ansvar dei har i så måte. Det blir sagt at det er bra han og Maria er separerte. Fleire reknar med at han har negativ innverknad på barna. Samtidig påpeikar ein informant at det er vanskeleg når han er far til barna, for «far er ei viktig brikke i ei sak» (Liv). Det kan vere viktig for barna å ha han der, for sjølv om han er ein risiko, er han også ein potensiell ressurs. Ein informant ser ut til å meine at innsatsen vil vere avhengig av kor vidt David ønsker å vere til stades for barna sine.

Informantar merkar seg at Maria sin bror og svigerinne er til støtte for henne og barna, og diskuterer korleis det kan leggjast til rette for at dei kan bidra meir utan at ein drar for store vekslar på dei.

Samarbeid om oppfølging av familiar med samansette problem

Sosialarbeidarane er opptatt av rusproblematikken til Maria, psykisk helse og av mistankar om vald. Dei legg vekt på familiesituasjonen og dei inkluderer alle familiemedlemmar i vurdering av situasjonen, om enn i ulik grad. Dette gjer ei rekke tiltak aktuelle. For Maria nemner dei rusbehandling, flytting, familierådgiving, krisesenter, individuell plan, arbeidstrening og ansvarsgruppe. For David ser dei det som aktuelt med hjelp til å vere ein god far, rådgiving i forhold til jobb, fastlege og Alternativ til vold. Både barnevernet, ungdomsteam, fastlege og saksbehandlar i Nav blir nemnde som aktuelle deltakarar i ei ansvarsgruppe rundt Tomas. Når det gjeld barna Beth og Jon, er dei raske til å nemne meldeplikta til barnevernet (jf Barnevernslova § 6-4 og Sosialtenes-

telova, § 45), men det er variasjonar i om, og korleis, dei tenker denne blir utløyst.

Informantar handterer såleis familien sine behov blant anna med å vurdere kva for andre instansar dei kan involvere. Mangfaldet av instansar kan skape forvirring. Informantar fortel at brukarar kan ha mange tenester og streve med å vite kven som er rette vedkomande i ulike spørsmål. Det kan også vere uklart for dei Nav-tilsette. Dette gjer oppfølginga vanskeleg.

Anne erklærer at Nav har mykje ansvar i denne situasjonen. Informantar er tydelege på at også andre har ansvar, og trekker derfor fram samarbeid som svært viktig. Fleire informantar er likevel frustrerte over vanskar knytt til samarbeid og samordning av tenester. Eksempelvis kan ein sjå ansvarsgruppemøta som eit forsøk på å leggje til rette for samarbeid, men Eli fortel at slike møte gjerne handlar meir om å fordele ansvar enn å samarbeide:

«Eg synest ofte ein sit og skyv på ansvar. Og fortel kvarandre kva vi skal gjere. At det er sånn at «det skal du gjere» og «det skal du gjere», og «det er jo ditt ansvar» og «kan ikkje du gjere det». (...) Så går vi ut der ifrå. Og så er vi veldig klar over kva vi har ansvar for, men ingen veit korleis vi skal dele på dette. Eller korleis vi skal jobbe saman».

Informantar fortel at lite samarbeid gjer at dei ikkje veit kva som skjer i andre instansar. Etter dei-ra oppfatning er det også det motsette, at tilsette i andre instansar ikkje veit korleis Nav arbeider. Dei opplever at Nav blir oppfatta av andre som å ha ei rolle avgrensa til økonomi. Dei blir i liten grad involvert i tema som gjeld andre livsområde for familien: «Ingen spør. For dei trur ikkje at vi veit det» (Anne). Dette er særleg frustrerande i samarbeid med barnevernet. Informantar meiner at barnevernet har for lite kjennskap til Nav og ikkje forstår kor tett sosialarbeidarane kjem på personar og familiar dei har kontakt med. Eli opplever at barnevernet berre tar kontakt dersom dei har spørsmål om økonomi.

Samtidig vedgår informantar at Nav har sine bestemte oppgåver. Kari påpeikar at så snart Maria

har fått ein eigna bustad blir Nav sin jobb «... meir knytt til bustad, økonomi og behandling. At det blir vårt hovudfokus.» Også barnevernet har sine bestemte oppgåver, noko informantar meiner barnevernet er så opptatt av at det går utover samarbeid:

«... samtidig synest eg ofte dei er litt sånn: dette er vårt felt, og vi held det vi held på med veldig tett». Trur av og til at dei kunne brote ned den døra bitte litt. Eg trur det hindrar samarbeid» (Anne).

Det er likevel unntak, uttrykt slik:

«Altså, vi har vel ikkje faste møter, men vi har jo – vi føler det er veldig enkelt å ta ein telefon og drøfte med barnevernstenesta» (Gunn).

At informantar etterlyser eit betre samarbeid med barnevernet, betyr ikkje at dei sjølv ikkje arbeider med barn. Det er likevel delte meiningar blant informantane om korleis dei vil gå fram i situasjonar der barn og unge treng hjelp. Dels heng det saman med omsyn til mor, som dei ønskjer skal stole på Nav og andre hjelpeinstansar. Dels heng det saman med omsyn til barna, som vi finn ulik praksis for å involvere. Fleire informantar meiner at det å snakke med barn krev særskild kunnskap og tar for gitt at barnevernet har den kunnskapen. Kari er blant dei som meiner at det å snakke med barn er barnevernet sin jobb, og hevdar at viss Nav skulle gjort det sjølv «så hadde det nok berre blitt noko rot».

DISKUSJON

Spørsmålet vi stilte innleiingsvis i artikkelen dreide seg om korleis sosialarbeidarane vurderer familiar med komplekse behov når det gjeld problemforståing, tiltak, ansvarsdeling og samarbeid med andre tenester. Analysen gir såleis innsikt i sosialfaglege vurderingar. I ein arbeidssituasjon relaterer ein seg til konkrete institusjonelle oppgåver og yrkesrolle vert gjort relevant i samhandlinga (Drew & Heritage, 1992). Det er ikkje dermed sagt at sosialarbeidarar opptre som upersonlege byråkratar som gjer nøytrale og verdifrie val, fordi dei er bakkebyråkratar som utøver skjønn i arbeidet (Lipsky, 1980). Å identi-

fisere seg med og iverksette eit familieperspektiv vil til dømes arte seg ulikt avhengig av kor ein er tilsett, og påverka av kva arbeidsoppgåver ein utfører i organisasjonen.

I eit familieperspektiv er ambisjonen å sjå alle familiemedlemmar sin situasjon. I sosialtenestelova heiter det at barn og unge og deira familiar skal få samordna og heilskapleg tenesteyting, medan forskning viser eit fragmentert system med lite merksemd mot barn (Fossestøl et al., 2016; Hansen et al., 2020; Malmberg-Heimonen et al., 2019; Mølland et al., 2020). Nav, som instans, erkjenner at dei treng å få betre kjennskap til korleis barn er påverka av til dømes låginntekt, foreldra sine helseproblem og andre forhold, og vil styrke det dei kallar barneperspektivet, primært gjennom å løfte fram slike spørsmål i kontakt med foreldra (Furuberg et al., 2018).

Når sosialarbeidarane diskuterer, kan refleksjonane som kjem fram vere uttrykk for normative diskursar som inngår i sosialfaglege vurderingar. Vi kan spørje oss om ikkje det er det som skjer i den sterke vektlegginga av Marias rolle som mor og omsorgsperson, med ansvar for å skjerme barna og halde David unna. Vi oppfattar at å gi Maria støtte til å fungere som mor, er viktigare enn å tenke tiltak og aktivitet retta mot arbeid og til å bli økonomisk uavhengig. I så måte er det den «tradisjonsbeskyttande» haldninga med familien som eining, her først og fremst mor og barn, som får forrang framfor ei individualisert tilnærming (Ellingsæter et al., 2020). Samtidig viser det fleksibiliteten i velferdspolitikken i spel. Vi ser ikkje same iver etter å få far, David, på plass som omsorgsperson. Også det kan vere uttrykk for normativ, eller stereotypisk, tenking. Det samsvarer i så fall med resultat frå den internasjonale bruken av vignetten der far gjennomgåande vart definert som perifer (Nygren, K. et al., 2018).

Sosialarbeidarane på Nav målber også frykta mange kan ha for barnevernet, ved at dei vil ta vare på tillitsrelasjonen dei har fått med Maria og tilrettelegge for at ho får del i prosessen, om barnevernet vert kopla inn. Kanskje uttrykker dette at desse to institusjonane har ulik tilnærming til korleis barn og

foreldre sine perspektiv blir vekta (jamfør Havnen et al., 2020; Ellingsen et al., 2019), og slik også får konsekvensar for aktuelle tiltak.

Det er delte meiningar blant informantane om korleis dei skal involvere barn, til dømes om barn kan vere til stades i samtalar dei har med foreldre. Det er eit spørsmål om barna skal haldast unna foreldra sine problem, om dei kan tole å få del i desse, eller om dei alt erfarer problematikken heime (jamfør Rugkåsa & Bergheim, 2020). Institusjonen ein arbeider innanfor, rammer også inn korleis ein møter barn. At tilsette i Nav seier at dei ikkje har kompetanse i å snakke med barn, kan også forståast som at det ikkje er forventat at dei skal forhalde seg til barn direkte. Dette vil arte seg annleis om ein er tilsett i barnevernet og arbeider innanfor eit anna lovverk. I dei sosialfaglege vurderingane omkring ein fiktiv familiesituasjon, kan vi identifisere eit avgrensa familieperspektiv, likevel med større grad av fleksibilitet og handlingsrom enn det vi oppfattar at Nav i hovudsak praktiserer (Furuberg et al., 2018; Rugkåsa & Bergheim, 2020). Med dette meiner vi at sosialarbeidarane drøftar problematikken utifrå ulike familiemedlemmar sine utgangspunkt og ser relasjonar mellom familiemedlemmer, og, om nødvendig, set dei arbeidslinja til side som det primære. Sosialarbeidarar, som iverksettarar av norsk velferdspolitik, er forplikta til å fremje omsynet til involverte barn (jamfør Oltedal & Nygren, 2019). Nav sitt mandat, gjennom sosialtenestelova, opnar for at utfordringar knytt til familien kan få forrang framfor arbeidslinja, og det handlingsrommet tar informantane i bruk i sine vurderingar.

Informantane meiner ikkje at Nav åleine skal hjelpe alle familiemedlemmar. Som vist er dei klare for å kople på andre tenester. Særleg barnevernet er aktuelt. Vår studie viser sosialarbeidarar som engasjerer seg i familiesituasjonen til den som ber om hjelp. Dei drøftar kva dei kan gjere på kort og lang sikt. Dei diskuterer situasjonen dels for å sortere ansvar, dels for å finne ut kva for hjelp som er relevant. Sosialarbeidarane er opptekne av samarbeid med og meldeplikt til barnevernet. Informantane er opptekne av barna sin situasjon og ser behovet for å ta (med)ansvar i eit

større perspektiv, samtidig som dei trår forsiktig. I samsvar med Breimo et al. (2019) registrerer vi spenningar og utfordringar i samarbeid ved at ein skal sjå og ivareta barn ut frå eige lovverk og mandat, men samtidig vere noko tilbaketrekt fordi det er ein annan instans, barnevernet, som i større grad er forplikta til å ha barneperspektiv og som har koordineringsansvar i saker som gjeld barn.

I refleksjonar over kva slags hjelp familien treng, nemner sosialarbeidarane ulike tiltak og faginstansar som dei foreslår å samarbeide med. Oppfatningar av at hjelpeinstansane peikar på kvarandre når dei skal fordele oppgåver og ansvar, kan tolkast som oppleving av organisatorisk og profesjonell mangel på heilskapstenking. Det kan resultere i iverksetting av vilkårlege straks-løysingar, eller også at ein vegrar seg mot å handle og utset løysingar (Brook et al., 2016). Ei motvekt til dette kunne vere om ein til dømes i ansvarsgrupper kunne lytte og lære av kvarandre og at dei ulike deltakarane kunne bidra til beste for familien, men informantane erfarer at det er vanskeleg. Informantane erfarer at i situasjonar der dei samarbeider med andre og skulle hatt felles ansvar og delt på oppgåver, skyv partane i staden ansvaret over på kvarandre. I vårt materiale finn vi i tillegg at sosialarbeidarane oppfattar at samarbeidspartnarar har

ei snever oppfatning av kva Nav kan bidra med. Dei opplever seg kategoriserte og etterspurde i samarbeidsrelasjonar først og fremst når temaet er økonomi. Det synleggjer den institusjonelle kategoriseringen (Drew & Heritage, 1992; Mäkitalo, 2014) som verkar inn på korleis vi ser på oss sjølv, og på våre samarbeidspartnarar. Nav-tilsette får mykje kunnskap i kontakt med familiar som treng hjelp, men dei opplever at kunnskapen i for liten grad blir etterspurt av andre instansar i eit samarbeid.

IMPLIKASJONER FOR PRAKSIS

Sosialarbeidarar i Nav har mandat, kompetanse og moglegheiter til å ta ein sterkare posisjon i (sam) arbeidet med og rundt familiar, men får eller tar likevel ofte perifere roller. Dersom Nav sin innsats blir avgrensa til arbeidslinja, kan det i konsekvens skade det heilskaplege arbeidet rundt familiar med komplekse og samansette problem. Sosialarbeidarane treng å erkjenne at dei sjølv kan og bør medverke meir i dette arbeidet. I denne samanheng ser vi, i tråd med andre studiar, behov for å styrke den sosialfaglege samtalen internt i Nav (Larsen et al., 2017; Øvre-lid, 2018). Dei profesjonelle, slik som sosialarbeidarar, kan via sin fagkompetanse utvikle praksisar som utfordrar særeigne institusjonelle innrammingar.

SUMMARY

Conditions for working to help vulnerable families in Nav

To help vulnerable families is important in social work. Several welfare services are involved in this work, among them the Norwegian Labour and Welfare Organisation (Nav). Through focus group interviews, we have gained insight into how social workers in Nav reflect on a fictitious case presenting a family situation with different challenges. We find that they consider alternatives in a specific institutional context. Their perspective is not limited to work, housing, and economy, as they also consider institutional responsibilities and boundaries, and emphasize cooperation with other relevant services. The Child Welfare Services appears to be an important service to cooperate with. However, we find that experiences, routines, frames, and dialogue on how to cooperate is lacking. The study provides knowledge about the conditions for working with families in Nav.

Key concepts: Social work assessments, Norwegian Labour and Welfare Organisation (Nav), Child Welfare Services, responsibilities, cooperation, family perspective

REFERANSAR

- Ask, T. A. & Sagatun, S.** (2020). Frontline Professionals Performing Collaborative Work with Low-Income Families: Challenges across Organizational Boundaries. *Nordic Journal of Social Research*, 11(1), 66-85. <https://doi.org/10.7577/njsr.2223>.
- Barnevernslova** (1992) *Lov om barneverntjenester LOV-1992-07-17-100 Lovdata*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>
- Braun, V. & Clarke, V.** (2013). *Successful qualitative research. A practical guide for beginners*. Sage.
- Breimo, J. P., Lo, C., Anvik, C. H. & Sandvin, J. T.** (2019). Mål og mening med samarbeid – en analyse av barnevernets formaliserte samarbeidsnettverk. *Fontene forskning*, 12(2), 4-17.
- Brook, C., Pedler, M., Abbott, C. & Burgoyne, J.** (2016). On stopping doing those things that are not getting us to where we want to be: Unlearning wicked Problems and critical action learning. *Human Relations*, 69(2), 369-389.
- Drew, P & Heritage, J.** (1992). Analyzing talk at work: An introduction, I P. Drew, & J. Heritage (Red.) *Talk at work. Interaction in institutional settings* (s. 3-65). Cambridge University Press.
- Ellingsen, I. T., Studsrød, I. & Ursin, M.** (2019). Ivaretagelse av barns rettigheter i sosialt arbeid med familier. I *Barn* (3-4), 103-117. ISSN 2535-5449
- Ellingsæter, A.L., Hatland, A., Haave, P. og Stjernø, S.** (2020). Lange linjer i velferdsstatens utvikling. I A.L. Ellingsæter, A. Hatland, P. Haave & S. Stjernø (Red.) *Den nye velferdsstatens historie (ekspansjon og omdanning etter 1966)*, (s. 27-56). Gyldendal Norsk Forlag.
- Family complexity and social work in different welfare regimes** (2015-2018) <https://www.umu.se/en/research/projects/family-complexity-and-social-work.-a-comparative-study-of-family-based-welfare-work-in-different-welfare-regimes.-facs/>
- FO** (2019) *Yrkesetisk grunnlagsdokument 2019-2023*. <https://www.fo.no/getfile.php/1324847-1580893260/Bilder/FO%20mener/Brosjyrer/Yrkesetisk%20grunnlagsdokument.pdf>
- Fossestøl, K., Breit, E. & Borg, E.** (2016). *Betingelser for sosialt arbeid. En case- og surveystudie fra fem storbyer og syv storbykontorer*. (AFI-Rapport 2016:02). Høgskolen i Oslo og Akershus.
- Furuberg, J., Grav, T., Lima, I. A. Å. & Munch-Ellingsen, E.** (2018). *Lavinntekt og levekår i Norge. Tilstand og utviklingstrekk – 2018*. (NAV-rapport 2018: 3). Arbeids- og velferdsdirektoratet.
- Gasker, J. & Vafeas, J.** (2010). The Family-in-Environment: A New Perspective on Generalist Social Work Practice. *International Journal of Interdisciplinary Social Sciences*, 5(2), 291-303.
- Hansen, I. L. S., Jensen, R. S. & Fløtten, T.** (2020). *Trøbbel i grenseflatene. Samordnet innsats for utsatte barn og unge*. (Fafo-rapport 2020:02). ISSN 2387-6859 <https://www.fafo.no/images/pub/2020/20737.pdf>
- Hatland, A. & Stjernø, S.** (2020). Arbeidslinja – velferdspolitikken nye mantra. I A. L. Ellingsæter, A. Hatland, P. Haave & S. Stjernø (Red.) *Den nye velferdsstatens historie (ekspansjon og omdanning etter 1966)* (s. 175-185). Gyldendal Norsk Forlag.
- Havnen, K. J. S., Christiansen, Ø., Ljones, E. H., Lauritzen, C., Paulsen, V., Jarlby, F. & Vis, S. A.** (2020). *Å medvirke når barnevernet undersøker. En studie av barn og foreldres medvirkning i barnevernets undersøkelsesarbeid*. Barnevernets undersøkelsesarbeid. (Delrapport 5. RKBU Nord). https://norceresearch.brage.unit.no/norceresearch-xmlui/bitstream/handle/11250/2670912/a_medvirke_nar_barnevernet_undersoker_en_studie_av_barn_og_foreldres_medvirkning_i_barnevernets_undersokelsesarbeid.pdf?sequence=1&isAllowed=y
- Hughes, R. & Huby, M.** (2002). The application of vignettes in social and nursing research, *JAN*, 37(4), 382-386. DOI 10.1046/j.1365-2648.2002.02100.x
- Larsen, A. K., Voll, I. & Tysnes, I. B.** (2017). NAV som arbeids- og læringsarena for sosionomer: Å bli en del av et praksissamfunn. *Fontene forskning* 10(2), 32-44.
- Levin, I.** (2004). *Hva er sosialt arbeid*. Universitetsforlaget.
- Lipsky, M.** (1980). *Street-Level Bureaucracy. Dilemmas of the Individual in Public services*. Russell Sage Foundation
- Lippestad, J. W. & Braathen, S. H.** (2016). *Evaluering av ordningen «Fast kontaktperson for foreldre med barn med mangfoldig behov – pilot i Sør-Trøndelag», og «Pleiepengetelefonen»*. (SINTEF Rapport A27507) ISSN 1504-9795
- Lov om sosial omsorg** (1964) ikkje lenger tilgjengeleg.
- Malmberg-Heimonen, I., Tøge, A. G., Rugkåsa, M., Fossestøl, K., Liødden, T., Bergheim, B., Gyüre, K. & Buzungu, H. F.** (2019). *Helhetlig oppfølging av lavinntektsfamilier*. Sluttrapport. (OsloMet Rapport nr. 10). OsloMet – storbyuniversitetet. <https://skriftserien.oslomet.no/index.php/skriftserien/article/view/649/186>
- Meld. St. 33** (2015-2016). *NAV i en ny tid – for arbeid og aktivitet*, Arbeids- og sosialdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/>

- meld.-st.-33-20152016/id2501017/
Messel, J. (2013). I velferdsstatens frontlinje. *Barnevernspedagoger, sosionomers og vernepleieres historie*. Universitetsforlaget.
- Mitropolitski, S.** (2015). Interactive interviews: A research note. *Qualitative Social Research*, 16(1). <https://doi.org/10.17169/fqs-16.1.1963>
- Mäkitalo, Å.** (2014). Categorization. I C. Hall, , K. Juhila, M. Matarese, & C. van Nijnatten (Red.) *Analysing social work communication: Discourse in practice* (s. 25–43). Routledge.
- Mølland, E., Vignsnes, K. L., Bøe, T., Danielsen, H., Lundberg, K., Haraldstad, K., Ask, T. A., Wilson, P. & Abildsnes, E.** (2020). The New Patterns study: coordinated measures to combat child poverty. *Scandinavian Journal of Public Health*, 1-9. DOI: 10.1177/1403494820956452 <https://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/1403494820956452>
- Nav** (2016, 14.04.21) Retningslinjer for samarbeid mellom barnevernstjenesten og NAV-kontoret <https://www.Nav.no/no/Nav-og-samfunn/samarbeid/for-kommunen/barn-og-unge2/retningslinjer-for-samarbeid-mellom-barneverntjenesten-og-Nav-kontoret>.
- NESH** (2016, 14.04.21). <https://www.forskningsetikk.no/om-oss/komiteer-og-utvalg/nesh/>
- Nygren, L., White, S. & Ellingsen, I. T.** (2018). Investigating welfare regime typologies: paradoxes, pitfalls and potentialities in comparative social work research. *Social policy & society* 17(4), 665-677. DOI: 10.1017/S1474746418000167.
- Nygren, K., Walsh, J., Ellingsen, I.T. & Christie, A.** (2018). What about the fathers? The presence and absence of the father in social work practice in England, Ireland, Norway, and Sweden. A comparative study. *Child & Family Social Work*. 24(1),148-155.
- Oltedal, S. & Nygren, L.** (2019). Public and private families. A study of children's and parent's position in Chile, England, Lithuania and Norway. *Journal of comparative social work*, 14(1), 115 - 140. <https://doi.org/10.31265/jcsw.v14i1.235>
- Oltedal, S.** (2004) *Klientsamtalar i velferdsstaten*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Oterholm, I.** (2018). Barnevernet og NAV – ulike institusjonelle logikker. *Fontene forskning* 11(2), 4-17.
- Prop. Nr. 46** (2004-2005). *Ny arbeids- og velferdsforvaltning*. Arbeids- og sosialdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/f0c702e88bcb4970aa8b019f24df9d72/no/pdfs/stp20042005004600odddpdfs.pdf>
- Rugkåsa, M. & Bergheim, B.** (2020). Betydningen av barns deltakelse i bekjempelse av fattigdom. *Tidsskrift for velferdsforskning*, 23(3), 157-169.
- Røysum, A.** (2014). Ubehaget ved å forenkle det komplekse. I A. Ohnstad, M. Rugkåsa & S. Ylvisaker (Red.). *Ubehaget i sosialt arbeid*. (s. 141-159). Gyldendal Akademisk.
- Skjefstad, N. S.** (2013). Er det rom for sosialt arbeid i NAV? *Fontene forskning* 13(1), 76-88.
- Smithson, J.** (2000). Using and analysing focus groups: limitations and possibilities. *International Journal of Social Research Methodology*, 3(2) 103-119.
- Sosialtenestelova** (2009) *Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen* (LOV-2009-12-18-131) Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131>.
- Walsh, J., White, S., Morris, K. & Doherty, P.** (2019) How do you solve a problem like Maria? Family complexity and institutional complications in UK social work. *European Journal of Social Work*, 22(6), 1050-1061, DOI: 10.1080/13691457.2018.1461068
- White, S.** (2013) Discourse and reflectivity. In: M. Gray, & S.A. Webb (Red.) *Social Work Theories and Methods* (2. utg., s. 218-228) SAGE.
- Øvrelid, B.** (2018). Profesjonsidentitetens vilkår. Sosialt arbeid i NAV. *Tidsskrift for velferdsforskning*. 21(2), 103-118.